

Sunniva vann Norgescup

11.08.2013

Sunniva Eik Haave (16), som bur i Oslo men har mor frå Uskedalen (Sissel Eik) er ein dyktig konkurranseklatrar og denne helga har ho vunne klasse eldre junior i 2. runde i Norgescupen i buldring, Ho går i klasse eldre junior og representerar Oslo Klatreklubb. Cupen fann stad utandørs midt i skaldyrfestivalen i Mandal, i ein transportabel klatreveg.

Kva er så buldring? Det er klatring utan tau på store steinar eller kunstige veggjar laga for å likna steinar. Samanlikna med ordinær klatring krevst det høg yting framfor uthaldenheit, heiter det i ein definisjon.

Sunniva har vore aktiv klatrar heilt frå ho var 9 år gamal og ho klatrar både vanleg og buldring. Ho starta og har vore fram til i år i Kolsås Klatreklubb i Bærum og har sidan halde på i Oslo Klatreklubb som er størst i landet og held til i Klatreverket. Der er ho med i satsingsgruppa.

Sunniva har vore på ferie i Uskedalen i sommar og då har ho trent i klatreveggen vår, fortel faren, Inge Haave, til uskedalen.no

Av Ola Matti Mathisen